



**VOLDA KOMMUNE**  
**Utvikling**

**FORSKRIFT OM**  
**GEBYRREGULATIV FOR FORVALTNINGSTENESTER**  
**OG UTSETT FRIST FOR OPPMÅLINGSFORRETNING I**  
**VINTERPERIODE**

**ETTER LOV:**  
**2005-06-17 nr 101 Lov om eigedomsregistrering**

**(matrikkellova)**

**Gjeldande frå 01.01.2019**

**Vedteke i Volda kommunestyre den 13.12.2018, PS 140/18**

Dette gebyrregulativet erstattar gebyrregulativ som vart vedteke 14.12.2017 sak 137/17, gjeldande frå 01.01.2018

Heimel for å utarbeide gebyrregulativ er gjeve i Lov 2005-06-17 nr 101: Lov om eiendomsregistrering (matrikkelloven) § 32, jf. også forskrift 26. juni 2009 nr.864 om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta).

# Innhald

§1 Føremål .....	3
§2 Definisjon .....	3
§3 Heimelsgrunnlag .....	3
§3.1 Betaling for utlevering og handsaming av opplysningar frå matrikkelen etter matrikkelloven § 30.....	3
§3.2 Bakgrunn for gebyra.....	3
§4 Generelle bestemmelsar .....	4
§4.1 Betalingsplikt .....	4
§4.2 Kva regulativ skal nyttast .....	4
§4.3 Tidspunkt for betaling .....	4
§4.4 Endring av regulativet eller gebyrsatsar .....	4
§4.5 Gebyr til statlege etater.....	4
§4.6 Timepris .....	5
§4.7 Urimeleg gebyr.....	5
§4.8 Klage .....	5
Vedlegg:	
§5 Gebyrsatsar .....	6
§5.1 Oppretting av matrikkeining .....	6
§5.1.1 Oppretting av matrikkeining og festegrunn.....	6
§5.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn .....	6
§5.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon.....	6
§5.1.4 Oppretting av anleggseigedom.....	6
§5.1.5 Registrering av jordsameige.....	6
§5.1.6 Oppretting av tilleggsareal som eigen matrikkeleining som tillegg til eksisterande grunneigedom eller festegrunn. ....	7
§5.1.7 Oppretting av punktbeste. ....	7
§5.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning .....	7
§5.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering .....	7
§5.3 Grensejustering.....	7
§5.3.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige.....	7
§5.3.2 Anleggseigedom.....	7
§5.4 Arealoverføring .....	8
§5.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige.....	8
§5.4.2 Anleggseigedom.....	8
§5.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidligare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning .....	8
§5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettigheter .....	8
§5.7 Privat grenseavtale .....	8
§5.8 Andre oppmålingstekniske arbeid .....	8
§5.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka .....	9
§5.10 Utferde matrikelbrev .....	9

## §1 Føremål

Gebyrregulativet skal:

- sikre at kommunen sitt gebyrregulativ er i samsvar med matrikkellova
- legge opp til gebyr som fremjar føremåla med lova
- gje lettare samanlikningsgrunnlag av kommunale gebyr også i høve KOSTRA-rapportering
- gje eit regulativ som er oversiktleg og er enkelt å praktisere
- gjere kommunen medveten på sine egne kostnader og for mogleg dekning av sjølvkost i høve til retningslinjer for utrekning av sjølvkost for kommunale tenester, publikasjon H-2140 utgitt av Kommunal- og regionaldepartementet (KRD).

Føremålet med unntak frå fastsett frist til gjennomføring av oppmålingsforretning er å kunne utsetje gjennomføring av oppmålingsarbeid om vinteren.

## §2 Definisjon

Ordet gebyr tyder eigentleg "det som tilkjem ein". Gebyr etter Lov om eiendomsregistrering (matrikkelloven): lovheimla pengevederlag for enkeltoppgåver som kommunen utfører som mynde.

For andre omgrep sjå matrikkellov og matrikkelforskrift.

## §3 Heimelsgrunnlag

Matrikkellova §§30, 32 med tilhøyrande forskrift §§16 og 17 heimlar gebyrfastsetting etter matrikkelloven.

§ 18 i matrikkelforskrifta gjev heimel til unntak for tidsfristar til gjennomføring av oppmålingsforretning i vinterhalvåret.

### §3.1 Betaling for utlevering og handsaming av opplysningar frå matrikkelen etter matrikkelloven § 30

Det vert gjort merksam på at spørsmål om kommunen sitt høve til å levere ut og ta betaling for matrikelopplysningar vert avgjort av Statens kartverk og er såleis ikkje omfatta av dette gebyrregulativet, jf. matrikkelforskrifta § 17.

### §3.2 Bakgrunn for gebyra

I premissane for matrikkelloven er det sagt at kommunane skal få dekt sine kostnader i samband med lova i form av gebyr.

Det skal være eitt samla gebyr for oppmålingsforretning og matrikkelføring.

For oppgåver utført som mynde skal det generelt ikkje krevjast meirverdiavgift. Alle oppgåvene spesifisert i matrikkellovas kap.5 og 6 er oppgåver utført som mynde, og derfor friteke for meirverdiavgift, jf. Merverdiavgiftslova §5b, første ledd nr 7.

## **§4 Generelle bestemmelsar**

### **§4.1 Betalingsplikt**

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet vert retta mot rekvirent dersom ikkje anna skriftleg er avtalt.

Saksgebyr etter matrikkelova skal betalast sjølv om saka ikkje vert fullført, men etter ein redusert gebyrsats.

Dersom rekvirenten av ulike årsaker har betalt for mykje i gebyr, skal kommunen så snart det er klarlagt, betale tilbake det som er betalt for mykje. Ein kan ikkje krevje rentetillegg dersom ein har betalt inn for mykje i gebyr.

### **§4.2 Kva regulativ skal nyttast**

Gebyr for arbeid etter matrikkelova skal utreknast etter det regulativet som gjeld den dato kommunen mottek ein fullstendig rekvisisjon.

### **§4.3 Tidspunkt for betaling**

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr.

Kommunen kan krevja at gebyret er betalt før kommunen sine arbeid tek til. For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulere gebyret. Når kommunen sine arbeid er fullført, skal kommunen rekna ut det endelege gebyret og skriva ut tilleggsrekning eller betala attende for mykje betalt gebyr.

### **§4.4 Endring av regulativet eller gebyrsatsar**

Storleiken på gebyrsatsane etter desse reglar skal vurderast kvart år i samband med budsjettarbeidet. Administrasjonen skal legge forslag til justering av gebyret fram for politisk handsaming.

### **§4.5 Gebyr til statlege etater**

Der kommunen skal krevje inn gebyr til statlege etatar som eks. tinglysingsgebyr og dokumentavgift for saker etter dette regulativ, skal utskrivning og innkrevjing av statlege og kommunale gebyr skje samordna.

Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturert vidare til rekvirenten.

#### **§4.6 Timepris**

Timekostnad i dette regulativ skal dekkje både direkte og indirekte kostnadar. Meirverdiavgift skal leggjast til etter gjeldande reglar.

#### **§4.7 Urimeleg gebyr**

Dersom gebyret er klart urimeleg i forhold til dei prinsipp som er lagt til grunn, og det arbeidet og dei kostnadar kommunen har hatt, kan administrasjonssjefen eller den han/ho har gjeve fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit passande gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnad og med bakgrunn i grunngeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr. Avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova .

#### **§4.8 Klage**

Enkeltvedtak etter dette regulativet kan påklagast. Fylkesmannen er klageinstans. Klage på gebyrfastsetjing gir ikkje utsetjing av betalingsfristen. Klagefrist er 3 veker.

Fastsetjing av gebyr i ei einskild sak etter regulativet, kan ikkje påklagast, jf. § 40 i forvaltningslova. Kommunen si avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

#### **§4.9 Unntak for tidsfristar - vinter**

Tidsfristen som er sett i matrikkelforskrifta § 18 første ledd går ikkje i perioden 1.desember til 1.april.

## **Vedlegg:**

### **§ 5 Gebyrsatsar**

Gebyr for arbeid etter matrikkellova (Lovas § 32, forskriftene § 16) vert fastsett som følgjer:

#### **§ 5.1 Oppretting av matrikkeining**

##### **§ 5.1.1 Oppretting av matrikkeining og festegrunn**

Areal frå 0 – 2 000 m <sup>2</sup>		kr 18 300,-
Areal frå 2 001 -20 000 m <sup>2</sup>	auke pr. påbegynt da	kr 800,-
Areal over 20 001 m <sup>2</sup> etter medgått tid	Minstegebyr	kr 31 100,-

Ved samstundes frådeling av tomter som grensar til kvarandre, er gebyret 80 % av ovanstående gebyr frå og med tomt nr. 6.

##### **§ 5.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn**

Areal frå 0 – 2 000 m <sup>2</sup>		kr 3 400,-
Areal frå 2 001 -20 000 m <sup>2</sup>	auke pr. påbegynt da	kr 500,-
Areal over 20 001 m <sup>2</sup> etter medgått tid	Minstegebyr	kr 10 900,-

##### **§ 5.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon**

Gebyr for oppmåling av uteareal på inntil 1 eigarseksjon		kr 13 500,-
Auke i gebyr for oppmåling av uteareal utover 1 eigarseksjon, pr seksjon		kr 3 600,-

##### **§ 5.1.4 Oppretting av anleggseigedom**

Gebyr vert fastsett etter medgått tid.	Minstegebyr:	kr 7 100,-
--	--------------	------------

##### **§ 5.1.5 Registrering av jordsameige**

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid.

Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturert vidare til rekvirenten

### **§ 5.1.6 Oppretting av tilleggsareal som eigen matrikkeleining som tillegg til eksisterande grunneigedom eller festegrunn.**

Areal frå 0 - 100 m <sup>2</sup>		kr 15 500,-
Areal frå 101 – 500 m <sup>2</sup>		kr 19 100,-
Areal frå 501 – 5 000 m <sup>2</sup>		kr 24 300,-
Areal frå 5 001 – 20 000 m <sup>2</sup>		kr 32 900,-
Areal over 20 001 m <sup>2</sup> etter medgått tid	Minstegebyr	kr 32 900,-

Der tilleggsarealet kjem frå fleire eigedomseiningar, skal det reknast gebyr for kvar frådelt parsell.

### **§ 5.1.7 Oppretting av punktfeste.**

Gebyr for oppretting av matrikkeleining for punktfeste kr 8 700,-

Gebyr for oppretting av matrikkeleining for punktfeste der punktfestet er planlagt og koordinatbestemt i jordskiftesak. kr 3 600,-

### **§ 5.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning**

Satsar etter §§5.1.1, 5.1.2, 5.1.4 og 5.1.5 gjeld, i tillegg kjem eit tilleggsgebyr for oppretting av matrikkeleining før fullført oppmålingsforretning kr 4 900,-

#### **§ 5.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering**

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, om den må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller om saka av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert gebyrsatsene sett til 1/3 etter §5.1 og §5.2

### **§ 5.3 Grensejustering**

#### **§ 5.3.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige**

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m<sup>2</sup>). Ein eigedom kan imidlertid ikkje avgi areal som i sum overstig 20 % av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til vegformål kan andre arealklasser gjelde.

Areal frå 0 – 500 m<sup>2</sup> kr 9 800,-

#### **§ 5.3.2 Anleggseigedom**

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomens volum, men den maksimale grensa er satt til 1000 m<sup>3</sup>

Volum frå 0 – 1000 m<sup>3</sup> kr 9 800,-

## **§ 5.4 Arealoverføring**

### **§ 5.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige**

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til vegføremål.

Areal frå 0 – 2 000 m <sup>2</sup>		kr 28 100,-
Areal over 2 001 m <sup>2</sup>	auke pr. påbegynt da	kr 800,-

### **§ 5.4.2 Anleggseigedom**

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan kun overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

Volum frå 0 – 2 000 m <sup>3</sup>		kr 28 100,-
Volum over 2 001 m <sup>3</sup>	auke pr. påbegynt da	kr 800,-

## **§ 5.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidligare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning**

For inntil 2 punkt		kr 3 400,-
For overskytende grensepunkter, pr. punkt		kr 1 000,-

## **§ 5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettigheter**

For inntil 2 punkter		kr 7 100,-
For overskytande grensepunkter, pr. punkt		kr 1 400,-

Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid.

Dersom alle grensene kring eigedomen skal gåast opp, skal det betalast gebyr etter § 5.1

## **§ 5.7. Privat grenseavtale**

Gebyr vert fastsett etter medgått tid.

## **§ 5.8. Andre oppmålingstekniske arbeid**

For gebyr som skal reknast etter medgått tid, jf. regulativet og for oppmålingstekniske arbeid som ikkje vert dekt av dei satsane som nemnde ovanfor, skal det nyttast følgande timesatsar.

Meirverdiavgift skal eventuelt leggjast til etter gjeldande reglar.

Timepris, vanleg arbeid		kr 1 050,-
Timepris, arbeid med bruk av måleutstyr:		kr 1 450,-



### **§ 5.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka**

Gjer rekvirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, opprettheld ein likevel gebyret.

### **§ 5.10 Utferde matrikkelbrev**

Matrikkelbrev inntil 10 sider kr 175,-

Matrikkelbrev over 10 sider kr 350,-

Endring i maksimalsatsas vert regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.